

# Årsmelding 2023



Foto: Karlis Bremers



**Sognarådet**  
interkommunalt politisk råd

## Innhold

<b>1</b>	<b>Sognarådet</b> .....	<b>3</b>
1.1	Møte og organisering .....	3
1.2	Rekneskap – økonomiske resultat .....	4
<b>2</b>	<b>Aktivitetar i 2023</b> .....	<b>4</b>
2.1	Fråsegner .....	4
2.2	Samhandlingsarenaer .....	5
2.3	Attraktiv buregion .....	6
	Integrering og inkludering .....	6
	Rekruttering og profilering .....	8
2.4	Kompetanse.....	8
	Regionalt barnehage- og skulesamarbeid .....	8
	Fagkompetanse til verksemdene .....	11
2.5	Næringsutvikling.....	12
2.6	Samferdsle.....	13
2.7	GIS-samarbeid .....	15
2.8	Samarbeidsfora for kommunane .....	17
2.9	Samarbeid i fylket.....	18
<b>3</b>	<b>Rekneskap</b> .....	<b>19</b>
3.1	Rekneskapsoversikt .....	19
3.2	Bruk av fond .....	20

# 1 Sognarådet

## 1.1 Møte og organisering

Sognarådet er interkommunalt politisk råd (IPR) for dei seks kommunane; Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sognarådet IPR er ei vidareføring av Sogn regionråd, etablert i 1992, og er frå 2023 organisert etter kommunelova kap. 18.

Samarbeidsavtalen for Sognarådet IPR vart vedteken av dei seks kommunestyra i tida mars-juni. Ordførarane signerte samarbeidsavtalen på første møte i arbeidsutvalet 30. oktober 2023 og det nye namnet Sognarådet vart teken i bruk frå denne datoen.

Med omdanninga frå regionråd til interkommunalt politisk råd vart Sognatinget representantskap og øverste organ for Sognarådet frå oktober. Sognatinget består av formannskapsmedlemene, men kommunar som ikkje har kjønnsbalanse i formannskapet, har justert samansetjinga slik at kvart kjønn er representert med minst 40 prosent.

Sognatinget hadde to møte i 2023:

21. mars med i Sogndal

4. desember (digitalt møte)

Ordførarane er faste medlemmar i regionrådet. Regionrådet si samansetjing var slik fram til kommunevalet:

Vik kommune, Roy Egil Stadheim (leiar)

Aurland kommune, Trygve Skjerdal

Luster kommune, Ivar Kvalen

Lærdal kommune, Audun Mo

Sogndal kommune, Arnstein Menes

Årdal kommune, Hilmar Høl

Etter omdanninga er ordførarane faste medlemmar i arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet si samansetjing var slik etter kommunevalet:

Vik kommune, Roy Egil Stadheim (leiar)

Aurland kommune, Kjell Bøe Bjørgum

Luster kommune, Andreas Wollnick Wiese

Lærdal kommune, Audun Mo

Sogndal kommune, Stig Ove Ølmheim

Årdal kommune, Christian Sønstlien

Sogn regionråd og arbeidsutvalet (frå oktober) handsama 40 saker og hadde 7 møte:

10. februar, Årdal

24. mars, Lærdal

25. april, Vik

16. juni, Sogndal

28.-29. august, Bergen

30.-31. oktober, Sogndal

15. desember, Aurland

Sognarådet har eige sekretariat. Dagleg leiar er Karina Nerland.

## 1.2 Rekneskap – økonomiske resultat

Rekneskapen for 2023 vert revidert som ein del av rekneskapen i Sogndal kommune.

Sognarådet fekk totalt tilført inntekter på kr 9 432 616. Av dette utgjer eksterne midlar kr 2 859 653. Refusjon frå kommunane utgjer kr 6 127 645 som inkluderer kr 5 416 000 i kontigentmidlar. Ekstraløyvinga frå kommunane samla kr 870 000 kvart år inngår i kontigentmidlane. Denne løyvinga skal gå til å styrke regionrådet i åra 2022-2024 (ut regionalplanperioden).

Det er brukt kr 978 149 av bundne fond, medan ubrukne midlar kr 2 118 496 er avsett til fond. Renteinntekter frå fondsmidlar kr 426 591 er sett på fond div prosjekt. Positivt netto driftsresultat er kr 1 140 347. Meirverdiavgiftskompensasjonen utgjer kr 325 318.

Detaljar i rekneskapen og gjennomgang av bruken av fondsmidlar går fram av punkt 3 i årsmeldinga.

## 2 Aktivitetar i 2023

Sognarådet sin visjon er: Saman gjer vi Sogn til ein attraktiv og livskraftig region.

*Regionalplanen for Sogn 2021-2024* inneheld Sognarådet sine mål og strategiar for det regionale arbeidet. Målet er: Vi skal vera ein pådrivar for å gjere Sogn attraktiv for innbyggjarar, næringsliv og besøkande. Sognarådet har fire tema i planen: Attraktiv buregion, kompetanse, næringsutvikling og samferdsle.

Møtedokument, fråsegner og aktuelle saker vert formidla på nettsida [www.sognaraadet.no](http://www.sognaraadet.no). I samband med namneendinga vart det laga ny grafisk profil med logo og profilfargar.

Sognarådet og Vestland fylkeskommune har inngått partnarskapsavtale for 2022-2023 for samarbeid om regionalt utviklingsarbeid. Fylkeskommunen bidreg med kr 300 000 i årleg grunntilskot til Sognarådet.

### 2.1 Fråsegner

Sognarådet har gitt følgjande fråsegner og innspel:

- Ukrainas situasjon sett frå Sogn, 13.2.2023
- Vestland fylkeskommune sitt arbeid med framtidig arkivorganisering, 15.2.2023
- Regional plan for fornybar energi, 16.2.2023
- Nullutslepp for fartøy i verdsarvfjordane, 25.4.2023
- NOU 2023:3 Mer av alt - raskere. Energikommisjonen sin rapport, 25.4.2023
- Nasjonal transportplan - innspel til fylkeskommunen og Samferdselsdepartementet 27.4.2023
- Regional transportplan handlingsprogrammet investeringar, 27.4.2023
- Oppgradering av Lærdalstunnelen 27.4.2023
- NOU 2023:4 Tid for handling. Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste, 2.5.2023
- NOU 2023:10 Leve og oppleve - Reisemål for en bærekraftig fremtid, 16. juni 2023
- Framlegg til innretning av nullutslepp i verdsarvfjordane frå 2026, 31. august 2023

- Innspel til stortingsmelding om flaum og skred, 3. november 2023
- Høyrings svar på Straumprisutvalet sin rapport "Balansekunst", 15. desember 2023

## 2.2 Samhandlingsarenaer

Sognarådet byggjer nettverk og samhandlingsarenaer og ønskjer å bidra til å styrka samarbeidet med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar. Møta i arbeidsutvalet og Sognatinget er også arena for slik dialog og samhandling, og til desse møta inviterer vi gjester til orienteringar og drøftingar om aktuelle saker.

### Sognatinget

Sognatinget består av dei seks formannskapa. Føremålet med Sognatinget er å drøfta regionale utfordringar, forankra regionalt samarbeid og gje føringar til vidare arbeid. På møtet i Sognatinget 21. mars var tema Statnett sine planar for linjeutvikling i regionen, konsesjonskraft som er under stadige angrep og energikommisjonen om behovet for taktskifte i energipolitikken. Sogn utvikling og Årdal teknologipark orienterte om prosjekt og planar for grøn industriutvikling. Sognatinget diskuterte utfordringar knytta til kraft og gav innspel til prioriteringar og korleis vi kan nå fram med krava. Formannskapa fekk også informasjon om omdanninga av regionrådet til politisk råd og etableringa av oppgåvefelleskapet. Inkluderingsprosjektet Sogn for alle er i gang med satsingar som Sognaloop og Sogn Opportunity. Viktige samferdslesaker vart diskutert, særleg Lærdalstunnelen

### Møte med stortingsrepresentantar

Rådet inviterer Stortingsbenken Sogn og Fjordane til eitt møte i året for drøfting av aktuelle saker. Tema for møtet 26. mai var prioriteringar i NTP, Lærdalstunnelen, nullutsleppskravet for cruise og kommuneøkonomi. Kommunane tok også opp egne saker.

Indre Vestland - Sognarådet, Hardangerrådet og Voss herad - har tematisk samarbeid om felles interesser. Indre Vestland møtte Stortingsbenkane Sogn og Fjordane og Hordaland i januar. Tema var rassikring, utfordringar for riksveg 13, Lærdalstunnelen, straumstøtte til næringslivet, flaskehalsar i straumnettet, inntektssystemet og trekk i rammetilskotet.

### Orienteringar og gjesteforedrag

På møte i Sognatinget i mars deltok desse med orienteringar:

- Torgeir Skålid, dagleg leiar Sogn utvikling
- Per Gullaksen, teknisk sjef Hydro
- Frank Øvstetun, dagleg leiar SITEP
- Jon Rolf Næss, styreleiar Landssamanslutninga for Vasskraftkommunar
- Harris Utne, direktør Statnett
- Jeanette Walsvik, prosjektleiar Sogn for alle, Sognarådet

På møta i rådet og arbeidsutvalet deltok desse med orienteringar:

- Jan Øhlckers, Vidsyn rådgiving AS
- Joakim Systaddal, administrativ ressurs rådmannsgruppa
- Dr Lilia Honcharevych, Chargé d'Affaires, Ukrainsk ambassade (digitalt)
- Anna Maria Langeland, direktør lån og tilskudd og Olav Ohnstad fagdirektør, Husbanken
- Nils Magne Slinde, sjefingeniør og Stein Idar Dyngen, sjefingeniør, Statens vegvesen
- Kenneth Bruvik, styreleiar og Helene Sandsten, dagleg leiar, Framtidshavet

- Harald Otterstad, rådgjevar friluftsliv og Torkjell Solbraa, tenesteleiar, Sogndal kommune
- Jørn Stenehem, seksjonssjef Digitaliseringsdirektoratet
- Natalia Golis, fylkesvaraordførar Vestland fylkeskommune
- Kathrin Jakobsen, seksjonssjef forskning, kompetanse og internasjonalisering, Vestland fylkeskommune
- Geir Kåre Resaland, prorektor for regional utvikling og Stine Stangeland Bach, fagansvarleg for studentrekruttering og marknadsføring, Høgskulen på Vestlandet
- Tommy Aarethun, kommunikasjonssjef, Initiativ Vest
- Ingrid Steine Bortne, programleiar System for styrka læring, Sognarådet
- Heidi Hauge, reiselivsdirektør Visit Sognefjord AS
- Gro Rukan, prosjektleiar Helse Førde
- Tore Frimanslund, førsteamanuensis, Høgskulen på Vestlandet

## 2.3 Attraktiv buregion

### Integrering og inkludering

Gjennom prosjektet *Sogn for alle* ønskjer vi å bli betre på å nytte innvandrara som ressurs i næringslivet og lokalsamfunnet. Vi skal bli betre på å samarbeide på tvers av offentleg, privat og frivillig sektor og vi skal arbeida meir heilskapleg. Målet med prosjektet er å sikra verdiskaping og vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrara. Jeanette Walsvik var prosjektleiar i full stilling til oktober. Stillinga har stått ledig etter dette. Prosjektperioden er førebels forlenga til 1.6.2025. Prosjektet blir overført frå Sognarådet til Sogn kommunalt oppgåvefelleskap.

### Aktivitetar i delprosjekta

Det er etablert fire delprosjekt med tilhøyrande arbeidsgrupper som har hatt følgjande aktivitetar:

#### **Arbeid**

Mentorprogram: Samlingsbasert program for tilsette og leiarar i private og offentlege verksemdar. Vi ønskjer å styrke arbeidsinkluderinga ved utvikling av naturleg støtte på arbeidsplassen. Målet er å auke arbeidsdeltakinga for arbeidsinnvandrara og flyktningar. Resultata er ikkje målbare, men vi ser positiv effekt på auka fokus og motivasjon hjå arbeidsgjevarar og at dei har teke initiativ til samarbeid om kvalifisering og andre inkluderingsprosjekt. Programmet er gjennomført fleire gonger med tilskot frå fylkeskommunen. Det tredje programmet starta november 2022 og varte til september 2023. Fem verksemdar var med (industri, matvare, reiseliv, kommunal eining og fylkeskommunal eining). Eirin Kormeset er tilsett i 20% stilling som arbeidslivsrettleiar for å mobilisera til deltaking og fagleg gjennomføring av programmet, i samarbeid med NAV.

Etableraropplæring Spire: Skreddarsydd program med 1-til-1 rettleiing og fellessamlingar. Dette er eit ståande tilbod i samarbeid med Sogn næring.

Bedriftsnettverk: Bedriftene deler beste praksis. Målet er å finne gode måtar å rekruttera innvandrara i bransjar med arbeidskraftbehov. Deltakarbedriftene søker Innovasjon Norge om tilskot. Ein av bedriftene skal leia nettverket når dette er etablert. Arbeidet står i bero i påvente av fasilitering av prosjektleiar Sogn for alle. Styringsgruppe og handlingsplan er på plass.

Sogn Opportunity: Mentor- og leiarutviklingsprogrammet vil gå over eitt år og vil bidra til auka arbeidsdeltaking. Målgruppa er innvandrarakar med høgare utdanning som ønskjer å bruke sin kompetanse i arbeidslivet. Samarbeidspartar er blant anna Bergen Opportunity (Bergen næringsråd), Sogn næring, Vestland fylkeskommune (REGALE, Karriererettleiar), NAV og bedrifter i regionen.

### ***Bustad***

Vi har jobba med erfaringsutveksling mellom kommunane og innspel til bustadutvikling. Vi har sett på mogleg samarbeid på tvers av kommunane med tanke på busetjing og fordeling av flykningar ilag med det regionale nettverket for flyktingtenestene.

### ***Språk og utdanning***

Sognalooop: Innvandrarkvinner fekk språkopplæring i kombinasjon med arbeid. Tiltaket starta første gong i 2021 med finansiering frå Imdi. Sognalooop hadde høg måloppnåing med overgang til jobb eller utdanning for alle deltakarane. Loopen som vart starta opp i tidleg i 2023 måtte avsluttast grunna avslag om tilskot frå Imdi. Erfaringsdeling med andre regionar, kommunar, Imdi og fylkeskommunen har vore god. Andre kommunar har kopiert loop-modellen og implementert dette i integreringsarbeidet.

### ***Familie og fritid***

I fagnettverk for foreldrerettleiing har kommunalt tilsette delt erfaringar om sertifisering i ICDP (International Child Development Programme) og korleis utvikle rolla og kompetansen som foreldrerettleiar for flykningar med ulike morsmål.

### **Prosjektstruktur**

Prosjektet har ein struktur som sikrar brei involvering og forankring: Styringsgruppa har deltakarar frå frivilligheita, næringsliv, fylkeskommune (næring og rektor vidaregåande skule), den kommunale flyktingtenesta og NAV.

Arbeidsgruppene for kvart delprosjekt er breitt samansett med representantar for kommunane, NAV, fylkeskommunen og andre relevante aktørar som t.d. næringsliv, innvandrarråd og frivilligheita, og er leia av ein frå styringsgruppa. Arbeidsgruppene sine møte blir koordinert av prosjektleiar.

Kvar kommune har ein kontaktperson inn mot prosjektet som prosjektleiar samarbeider med. Målet er å styrke utviklingskapasiteten i kommunane innanfor feltet tilflytting, mangfald og inkludering. Prosjektet er avhengig av kontaktpersonane sitt bidrag for gjennomføring av tiltak og måloppnåing.

### **Formidling og samarbeid med andre**

Prosjektet har fått mykje merksemd for å kombinere tilflyttingsarbeid og inkludering-/integreringsarbeid i ein regional kontekst og har vore presentert på ulike arena som til dømes Erasmus REGALE, Bergen Opportunity, Imdi og andre fylkeskommunar. Prosjektet har vore representert i referansegruppe for Vestlandforskning sitt pilotprosjekt NEET<sup>1</sup> (kartlegging av

---

<sup>1</sup> Ungdom som står utanfor arbeid, opplæring og utdanning. Nemninga NEET er ei forkorting for «Not in Education, Employment, or Training»

behov for digitale ferdigheiter for å kome ut av NEET-situasjonar). Prosjektleiing har presentert prosjektet for politikarar, administrasjonar og næringsliv.

### **Eksterne midlar**

Prosjektleiinga i *Sogn for alle* er fullfinansiert gjennom løyving frå fylkeskommunen; kr 0,4 mill første prosjektår og kr 1,5 mill fordelt på dei tre neste prosjektåra. I tillegg kjem midlar frå kommunane og regionrådet som er vedteke avsett til prosjektet.

Vestland fylkeskommune løyvde i 2023 kr 200 000 til tiltaket Sogn Opportunity og kr 120 000 til mentorprogrammet i Sogn for alle. Dette kjem i tillegg til tidlegare års tilskot til mentorprogram.

## **Rekruttering og profilering**

### **Karrieremesse**

Framtidsfylket arrangerer kvart år ei karrieremesse i Bergen. Kommunane i Sogn deltok med regionstand. Messa gir kommunane høve til å profilera regionen og breidda i arbeidsmarknaden. Rådet finansierer fellesutgifter til stand og profileringsmateriell. Ei arbeidsgruppe i HR-nettverket er med i førebuingane og deltek på messene saman med kommunale leiarar.

### **Felles merkevare og profil**

Private og offentlege verksemder ønskjer at det blir utvikla ein felles merkevare og profil i Sogn. Regionen har sterke merkevarer og profiler, men desse er ikkje omforeinte. Næringsnettverket tok initiativ til eit fellesprosjekt for felles merkevare og profil. Prosjektleiinga låg til Sogndal kommune. Rådmannsgruppa konkluderte i april med å avslutte forprosjektet fordi grunnlaget for å gå vidare med dette som prosjekt ikkje var til stades. Vurderinga var at arbeidet med felles merkevare og profil skulle inngå som eitt av fleire arbeidsområde for Sogn kommunalt oppgåvefelleskap.

## **2.4 Kompetanse**

### **Regionalt barnehage- og skulesamarbeid**

*System for styrka læring* er kommunane i Sogn sitt regionale utviklingsprogram, med historikk tilbake til 2006. Inneverande programperiode gjeld for åra 2022-2030. Samarbeidsområdet vil bli overført frå Sognrådet til Sogn kommunalt oppgåvefelleskap.

Målet med programmet er livsmeistring gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring for alle. Ingrid Steine Bortne er programleiar for *System for styrka læring* i 100% stilling.

### **Fagnettverk**

Vi arbeider mykje i nettverk, både for barnehagane, grunnskulane, vidaregåande skule og vaksenopplæring. Nettverka er tufta på gjensidig forplikting og handlar om å dela, bruka og skapa ny kunnskap. Vi samarbeider med ulike fagmiljø som Høgskulen på Vestlandet (HVL), Statped, Ungt Entreprenørskap, ViteMeir, Sogn opplæringskontor, psykisk helsevern for barn og unge (BUP), habiliteringstenesta for barn og unge (HABU) og ulike senter for å sikre det

faglege innhaldet i arbeidet. Nokre få samlingar har vorte avlyst eller utsett grunna få påmeldte. Vi har arrangert heile 20 fagnettverk fordelt på 37 samlingar i 2023. Til saman har nettverka samla 752 deltakarar. Tema har mellom anna vore ulike fagområde, åtferdsvanskar, språkforstyrningar og fleispråklegheit, kunstig intelligens, eksamen, vurdering, vaksenrolla, digitale verktøy, rekruttering og rettleiing, tverrprofesjonelt samarbeid, tidleg innsats, spesialpedagogikk, ufrivillig skulefråvær, oppvekstreform, fullføringsreform og dei fire prioriterte fagområda i programplanen vår. Vi evaluerer samlingane fortløpande via QR-kode som deltakarane svarar på. Det er høg skåre på evalueringane og mange gode innspel til vidare arbeid og seinare samlingar. Nye nettverk som vart etablert i 2023: autisme, LOGOS kartlegging<sup>2</sup>, musikk, mat og helse, rådgjevarar, SFO-leiarar og nyutdanna pedagogar i barnehage og skule. Dette var nettverk som var etterspurt frå einingane.

### **Leiarssamling og samarbeid mellom kompetanseregion Sogn og einingane**

Den regionale leiarssamlinga for barnehagestyrarar, rektorar for grunnskule, vidaregåande skule og vaksenopplæring, PPT-leiarar og kompetanseregion Sogn samla 68 leiarar. Samlinga over to dagar vart gjennomført i Myrkdalen i september og overordna tema var «Kunnskapsarbeid i barnehage og skule». Innleiar var Sølvi Lillejord, leiar av ekspertgruppa for skulebidrag.

Dette er eit viktig treffpunkt mellom kompetanseregion Sogn (kommunalsjefar og rådgjevarar) og einingane. Forankring av programplanen og den raude tråden i alt vi gjer er viktig. Samlinga var følgd opp med ei skriftleg evaluering som viste høg skåre, og som syner at felles fagsamlingar er av verdi for dei som driv arbeidet ute i einingane.

På vår felles nettside [www.fagnettverkisogn.no](http://www.fagnettverkisogn.no) har vi årshjul og handlingsplan, og det blir fortløpande lagt ut invitasjonar og presentasjonar for oppvekstfeltet. Dette er informasjon og dokument for å dele erfaringar og for å gjere det lettare å ta teoriar og nye idear i bruk i eigen barnehage og skule.

### **Entreprenørskapsmesse og innovasjonsarbeid**

25. april 2023 vart messa arrangert i Vik, med 30 elevbedrifter og nær 500 ungdommar samla. Endeleg fekk vi også høve til å gjennomføre bedriftsbesøk slik vi gjorde før pandemien. Arrangementet var svært vellukka og fekk god omtale i media. Ekstra stas var det at NRK Sogn og Fjordane laga flotte radioreportasjar frå messa. Representantar frå Vik kommune, Ungt Entreprenørskap Vestland og Sogn regionråd danna arbeidsgruppa som stod for arrangementet saman med gode hjelparar. I 2023 etablerte vi «Plan for kreativitet, skaparglede og entreprenørskap» som syner ei ryddig oversikt over den breie menyen for barnehagar og skular på dette feltet. Planen vart utarbeida av Ungt Entreprenørskap, ViteMeir, Sogn opplæringskontor, Sogn Næring, HVL Skape og System for styrka læring og den vart godt motteken av einingane. Eit av dei nye tiltaka i planen var innovasjons- og karrieredag for 10. klassingar som vart gjennomført i oktober. 198 elevar fordelte seg på to dagar der dei fekk innblikk i HVL som studiestad, innblikk i læringslab og gamingsenter, bedriftsbesøk hjå Sogndal Fotball og gründerforedrag.

---

<sup>2</sup> LOGOS er eit digitalt verktøy for kartlegging av lesevanskar og diagnostisering dysleksi.

## **Fagdagar og regionale planleggingsdagar**

Vi har arrangert to regionale planleggingsdagar og tre regionale fagdagar i 2023. I tillegg har Statped skreddarsydd ei webinarrekke på tre samlingar for PPT, barnehagar og skular i Sogn innan tematikken språkforstyrningar og fleispråklegheit.

Til saman deltok 135 tilsette frå barnehage, skule og tverrprofesjonelle samarbeidspartar på dei tre fagdagan. Fagdag psykisk helse i mars hadde tema «Ufrivillig skulefråvær» ved Sara Eline Eide.

Fagdagan spesialpedagogikk og inkluderande praksis i november handla om tverrprofesjonelt samarbeid, ny opplæringslov, presiseringar i barnehagelova og korleis skrive gode årsrapportar for barn med særskilte behov. Her bidrog tilsette ved HVL, PPT, barnehagar og skular med sine erfaringar kring spesialpedagogiske utfordringar.

Under den regionale planleggingsdagen for skulane 17. august fekk om lag 400 tilsette i skulesektoren eit digitalt føredrag med Ole Greger Lillevik «Tiltak mot vald og aggresjon i skulen». Etter føredrag på 2,5 time jobba skulane med refleksjonsoppgåver ved eininga si.

Den regionale planleggingsdagen 3. november var delt i fire ulike samlingar:

- Digitalt føredrag med refleksjonsoppgåver einingsvis for tilsette i barnehagane: «Frå bekymring til dom i saker som omhandlar seksuelle overgrep og vald mot barn» ved Jorunn Furuheim og Rita Karin Skjeldestad frå Vest politidistrikt, seksjon Sogndal og Cathrine Eide frå Statens Barnehus Bergen, og avdeling Førde. 326 deltakarar.
- Digitalt føredrag med refleksjonsoppgåver einingsvis for tilsette i barneskulane: «Foreldresamarbeid og livsmeistring i barneskulen» ved Sjur Langeland. 171 deltakarar.
- Fysisk samling for tilsette i ungdomsskulane: Eksamensverkstad med 119 deltakarar
- Fysisk samling for tilsette i SFO: «Ein inkluderande SFO» ved Kjartan Eide. 79 deltakarar.

Det har vore gode tilbakemeldingar på dei regionale planleggingsdagane og fagdagan.

## **Eksterne midlar**

Kompetanseregion Sogn mottok kr. 487 468 frå Statsforvaltaren til rekomp (regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage) som kunne brukast til fellestiltak som til dømes kompetanseheving av barnehagepersonalet. Beløpet er 30 % av samla pott, medan 70 % går til utvalde barnehagar sitt utviklingsarbeid etter søknad og regional prioritering. Etter- og vidareutdanning av personale vart sterkt prioritert i Sogn og kr. 335 000 av desse midlane gjekk difor til stipendordning for dei som tek deltidsutdanning ved sidan av jobb i barnehage. Midlar knytt til dekom (desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen) går direkte til utvalde skular sitt utviklingsarbeid etter søknad og regional prioritering.

Statsforvaltaren i Vestland tildelte Kompetanseregion Sogn kr. 656 193 i støtteordninga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis». Midlane har blitt nytta til kompetanseheving kring sosiale og emosjonelle vanskar i nært samarbeid med UH-sektoren (HVL og Statped).

## Fagkompetanse til verksemdene

### **Kompetanseutvikling i arbeidslivet**

Kompetanseforum Vestland er overordna styringsorgan for arbeidet med kompetanseutvikling i arbeidslivet. Målet for arbeidet er å tette kompetansebehovet og at utdanningsinstitusjonane i større grad utviklar sine tilbod etter behova i arbeidslivet. Kompetanseforum Sogn skaffar kunnskap om kompetansebehov og får analyser som grunnlag for innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet i Sogn. Forumet deler beste praksis og gode prosjekt for å løyse kompetansebehova. Forumet gav 24. mai innspel til Kompetansforum Vestland til dimensjonering av utdanningstilbodet 2024/2025.

Kompetanseforum Sogn har deltakarar frå utdanningsinstitusjonar, næringsliv og offentlege aktørar i regionen og blir drifta av Sognarådet. I 2023 vart forumet utvida med Fagskulen Vestland og fleire frå privat næringsliv.

Sognarådet har avtale med Vestland fylkeskommune om drift av Kompetanseforum Sogn, og mottek årleg kr 50 000.

På vegne av regionen søkte Sogn opplæringskontor om midlar frå Vestland fylkeskommune til læreplassgaranti. Tilskotet vil gå til å auke interesse for yrkesfag og rekruttera fleire elevar til yrkesfag.

Fylkeskommunen si samordningsrolle og høgskulen sitt arbeid for studentrekruttering og regional utvikling var tema med orienteringar og drøftingar på rådsmøte i august.

### **Fleire læreplassar i Sogn**

Partnerskapsavtale om fleire læreplassar vart fornya i 2023 mellom NHO Vestland, LO Vestland og Vestland fylkeskommune og Sognarådet med medlemskommunane. Sogn kommunalt oppgåvefelleskap overtek som avtalepart.

Formålet med avtalen er å samordne innsatsen slik at vi aukar tal læreplassar i Sogn og sikrar rekruttering av fagarbeidarkompetanse i arbeids- og næringsliv. Avtalen inneheld fleire samarbeidsområde og tiltak. Nytt tiltak er at andelen lærlingar bør vera 10 prosent av fagarbeidarane i bedrifta. For kommunane er målet om 2,5 lærlingar pr tusen innbyggjar vidareført.

### **Desentralisert sjukepleiarutdanning**

Kommunane har samarbeidd for at tilsette skal starte på desentralisert sjukepleiarutdanning. Prosjektet starta i 2019. Sogndal kommune hadde funksjonen som prosjektleiar 2022-2023. Prosjektleiar sørger for at kommunane fekk informasjon om deltidsutdanninga og var koordinator for kandidatane slik at dei enklast råd kunne få svar på spørsmål knytt til studiekraft, kvalifiseringsløp og søknadsprosess.

Dei som måtte ta privatisteksamen i norsk og matematikk for å kvalifisera seg (timetal- og karakterkrav) fekk tilbod om undervisning gjennom nettskule og hospitering. Det var derfor ikkje behov for å bruke kompetansetilskotet frå Statsforvaltaren på kr 120 000.

Vi får ikkje henta opplysningar frå fylkeskommunen eller høgskulen om kor mange som har kvalifisert seg til studiet eller fått plass på studiet.

Grunna låge søkjartal starta ikkje deltidsstudiet opp i Førde hausten 2023. Neste opptak blir hausten 2024 og opptak følgjer deretter annakvart år.

Samarbeidsområdet vert overført til Sogn KO. Sognarådet har oversendt sluttrapport til kommunane ved helse- og omsorgsnettverket. Rapporten inneheld erfaringar og gir forslag til tiltak på kort og lang sikt om eventuell vidareføring av arbeidet.

Sognarådet har teke opp fleire problemstillingar med høgskulen for å sikre at fleire kommunalt tilsette tek studiet. Vi har argumentert for redusert krav til arbeidserfaring som før har vore 2 år, samanhengande undervisningsbolkar på 2-3 dagar, meir nettundervisning og bruk av Campus Sogndal som undervisningsstad. HVL har etter studiestart 2021 samla undervisninga som fleirdagssamlingar og har for opptaket i 2024 redusert praksiskravet frå 2 til 0 år.

### **Prosjektet «Samskaping for berekraftig Sogn»**

Målet med prosjektet er auka arbeidsrelevans, auka kunnskapsflyt og meir samarbeid mellom høgskulen og andre aktørar i regionen. Prosjektet er eit samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet, Sogn næring og Sognarådet. Sentrale problemstillingar er korleis dra nytte av høgskulen sine studentar og breie kompetanse og korleis styrke kommunikasjonen mellom studentar og næringsliv. Prosjektet har resultert i eit nytt tverrfagleg emne «Samskaping og innovasjon for berekraftig utvikling». Dette etter- og vidareutdanningstilbodet starta desember 2023. Ei tverrfagleg forskingsgruppe «Samskaping for berekraftig lokalsamfunn» er etablert. Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse har løyvd midlar til HVL til prosjektet som går over 3 år (2022-2024).

## **2.5 Næringsutvikling**

Dei fire satsingsområda innan næringsutvikling vart tidleg i planperioden fordelt mellom kommunane med prosjektleiing og deltaking i arbeidet med å konkretisera og avklare korleis jobbe med desse fire områda: Reiseliv, teknologi og digitalisering, grøn næringsutvikling og offentlege arbeidsplassar. Næringslivet vart inviterte med.

### **Teknologi og digitalisering**

Kompetanse og evne til å ta i bruk ny teknologi blir viktig for næringslivet for å kunne oppretthalde konkurransekrafta og utnytte moglegheitene. Å få industri- og teknologibedriftene til å finne kvarandre i eit tett samarbeid om utveksling og utvikling av ny teknologi vil styrke Sogn. Sognarådet vedtok å bruka SITEP (Senter for Innovasjon Teknologi og Prosess), som har eit kompetansemiljø og eit nettverk, til å løyse oppgåvene som tilrådd i forprosjektet. Sognarådet løyvde kr 200 000 i tilskot til å gjennomføre oppgåvene i arbeidsplanen «Teknologi og digitalisering for framtidens Sogn».

### **Grøn næringsutvikling**

Det finst mange samanfallande prosjekt innan grøn næringsutvikling i regionen. Det er behov for å synleggjere pågåande prosjekt, kompetanse og potensiale for samarbeid på tvers av bedrifter, kommunar og næringar i Sogn. Grøn region Vestland er «rettesnora» for det vidare arbeidet. I rådet sitt vedtak i mars vart kommunane oppmoda om å vera med aktivitetane frå forprosjekt rapporten. Næringsnettverket har etablert ei arbeidsgruppe som følgjer opp aktivitetane med Trine Grøtnebø i Årdal utvikling som koordinator.

## Reiseliv

Sognarådet bidreg til reisemålsutviklinga i Sogn. Masterplan for reiselivet i Sogn er det overordna styringsdokumentet for alt arbeid med reisemålsutvikling i Sogn. Planen er utarbeidd av Visit Sognefjord AS på oppdrag frå Sognarådet. Arbeidet inneber ei kvalifisering for Innovasjon Norge sitt destinasjonsmerke for berekraftige reisemål. Planen er forankra med vedtak i kommunane. Realisering av planen er avhengig av oppfølging frå kommunane, fylkeskommunen, næringa, verneområda, verdsarvparken og Visit Sognefjord. Regionalt reiseliv for Sogn, som var eit forprosjekt i regi av rådet, konkluderte med at ei felles, styrka regional satsing på reiseliv krev auka grad av koordinering, samhandling og ressursbruk. Rapporten tilrådde eit hovudprosjekt i tre år med sikte på varig løysing. Rådet sette av kr 375000 i 2023-2025 (med KPI-justering) til å finansiera koordinator for masterplan og berekraftmerkinga.

Kommunane vedtok å løyve resterande midlar i 2023. Ellen Fivelstad er tilsett som koordinator for masterplan og berekraft i full stilling og byrja 1. januar 2024. Visit Sognefjord er arbeidsgjevar. I tillegg stiller kommunane med eigne ressursar slik at det samla er 200% stilling til masterplan og merkeordninga.

Reisemålet Sogn med dei sju kommunane fekk merket som berekraftig reisemål i september.

Styringsgruppe for masterplan for reisemålet Sogn består av styret i Visit Sognefjord AS og er utvida med ein representant for verneområda, ein får UNESCO-verdsarvområdet, ein frå Sognarådet og ein observatør frå Innovasjon Norge. Andreas Wollnick Wiese, Luster kommune er Sognarådet sin representant og Roy Egil Stadheim, Vik kommune er vararepresentant.

## Offentlege arbeidsplassar

Dei statlege og fylkeskommunale arbeidsplassane er viktige for arbeidsmarknaden i heile regionen. Sognarådet har som strategi å medverka til å styrka og vidareutvikla dei statlege og regionale offentlege arbeidsplassane i Sogn og byggja politisk og administrativ kunnskap og kapasitet til å drive påverknadsarbeid og strategiutvikling. I eit forprosjekt vart det forsøkt avklart korleis rådet skulle jobbe vidare med offentlege arbeidsplassar som eit fellesprosjekt, og korleis innrette eit eventuelt hovudprosjekt. Konklusjonen viste til at det er behov for eit kunnskapsgrunnlag for å klargjere om det er evne og vilje til å samarbeide om å ta vare på og trekke til seg nye offentlege arbeidsplassar. Vidsyn rådgivning as utarbeider eit utfordringsnotat til denne prosessen og som grunnlag til dei politiske drøftingane i Sognarådet og kommunane.

## 2.6 Samferdsle

Å betre samferdsleløysingane er eit langsiktig og krevjande arbeid. Sognarådet sine moglegheiter for å nå gjennom vil bli styrka om rådet er tydeleg på prioritering av tiltaka og står samla.

Rådet gjennomførde ein intern prosess i februar-mars for breiast mogleg semje om prioriteringar. Etter drøftingar i rådet og i kommunane vart metode og prioriteringane vedtekne i rådet 24. mars i Lærdal.

Rådet prioriterer regularitet og sikring mot skred/ras, etterslep på vedlikehald og tunneloppgradering framfor nye vegprosjekt. Rådet konsentrerer prioriteringane om nokre

sentrale og kostnadskrevjande prosjekt og prosjekt som ikkje har for lang tidshorisont. Prosjekta som alt ligg inne i planane må gjennomførast først.

Det vart ikkje lagt opp til å laga ny samferdsleplan etter at planen for 2020-2023 gjekk ut. Mål og strategiar innan samferdsle vil i staden inngå i neste regionalplan. 2023 var også siste året med eigen handlingsplan for samferdsle. Frå 2024 vart det laga ein samla handlingsplan som også har med tiltaka innan samferdsle.

Viktige tiltak i 2023 har vore å følgje prosessen og drive påverknadsarbeidet inn mot neste nasjonal transportplan og sikre prosjekta investeringsprogrammet for regional transportplan. Rådet har også retta arbeidet mot skredfaktormodellen og oppgradering av Lærdalstunnelen.

Samferdslegruppa består av tre ordførarar som førebur saker til rådet og arbeider for å påverka avgjerdstakar. Det har vore 3 møte (digitale).

Det var sett av midlar til prosjektleiar til påverknadsarbeidet finansiert av ekstraløyvinga frå kommunane i 2022-2024, men rådet lukkast ikkje med å rekruttera til mellombels stilling.

Jan Øhlckers frå Vidsyn rådgivning AS er leigd inn som rådgjevar.

### **Regional transportplan**

Samferdslegruppa har følgd tett opp prosessane i hovudutval for samferdsle og mobilitet og i fylkesutvalet.

Fylkeskommunen la fram første rullering av investeringsprogrammet til regional transportplan i juni 2023.

Prosjekt som fylkeskommunen vedtok løyvingar i investeringsbudsjettet er:

Fv 55 Høyheim-Nes i Luster - utbetringstiltak på strekninga (2024-2026)

Fv 55 Esefjordbrua i Sogndal – ferdigstille reguleringsplan med sikte på oppstart 2027-2033

Fv 53 Tunnelar i Årdal – byggjestart er sett til 2026/2027

Fv 53 Steiggjetunnelen i Årdal – byggjestart er sett til 2025/2026

Fv 271 Sjukehusvegen i Lærdal (2025-2026)

Fv 5600 Arnafjorden i Vik – det er sett av å planleggingsmidlar til forprosjekt (2023-2024)

På grunn av den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen vart alle desse prosjekta satt på ei «frys-liste» og utsett inntil vidare i budsjettet for 2024.

### **Nasjonal transportplan (NTP)**

Rådet prioriterer Vikafjellstunnelen som det viktigaste tiltaket til neste NTP. Tunnel Borlaug-Bjøberg på rv. 52 Hemsedal er nummer to.

Rådet gav sine prioriteringar til NTP på innspelsmøte på Skei, i fråsegna til fylkeskommunen og på møtet med stortingsbenken i mai.

Utfordringane for riksveg 13 og behovet for auka ramme til Nye Veier vart teke opp då Indre Vestland (Sogn, Hardanger og Voss) møtte dei to stortingsbenkane Hordaland og Sogn og Fjordane på Flesland i januar.

## Rassikring

Statens vegvesen utarbeidde framlegg til ny skredfaktormodell som var tenkt som del av forarbeidet til neste NTP. Målet var også at fylkeskommunen skulle ta i bruk modellen. Den slår svært uheldig ut for Sogn og rådet rådde frå bruk av modellen. Den er ikkje brukbar i møte med regionale prioriteringar, skredkompetanse og opplevd skredfare/risikobilete.

## Lærdalstunnelen

Lærdalstunnelen må oppgraderast for å støtte EU sine tunneldirektiv. Stortinget har vedteke prosjektet som har planlagt oppstart hausten 2025 og ferdig 2030. Tunnelstenginga vil gje mange og komplekse ringverknader for dei to kommunane Aurland og Lærdal og for regionen.

Rådet etablerte i juni ei forhandlingsnemnd som har dialogen med styresmaktene om avbøtande tiltak, kompensasjon og stengingsregime. Nemnda er samansett av ordførarane i Aurland og Lærdal og leiar i samferdslegruppa.

Statsråden besøkte Lærdal i mars for å få informasjon om konsekvensane av stengingsalternativa som var eitt år heilstenging eller nattestenging. På møtet deltok fleire verksemder og organisasjonar for å belyse lokale, regionale og nasjonale konsekvensar av tunnelstenginga.

Nemnda møtte statsråden og SVV i oktober for å ta opp ansvarsfordelinga knytt til finansiering og gjennomføring, avbøtande tiltak og kompensasjon.

Statens vegvesen utarbeidde ein teknisk konsekvensanalyse i april. Rådet har heile tida meint det skulle ha vore utarbeidd ei konseptvalutgreiing (KVU) for å få fram alternativet med nytt tunnellop og vist alle ulempene for næringsliv, frivillig- og offentleg sektor. Då hadde det vore mogleg å vera i forkant med avbøtande tiltak og kompensasjon. Stoda i dag er at dei avbøtande tiltaka er utilstrekkelege og delvis uavklara. Nemnda har ikkje nådd fram i kravet om kompensasjon.

## 2.7 GIS-samarbeid

Kommunane samarbeider om geografiske informasjonssystem (GIS). Kommunane har felles GIS-løysing med programvare for oppdatering av kartdata og forvaltning av kommunale avgifter. I tillegg har kommunane felles kartløyising på web der kartdata er tilgjengeleg for publikum. Kommunane har avtale med Norkart for applikasjonsdrift av GIS-løysing og KomTek. Sogn regionråd hadde fram til årsskiftet avtale med SIMAS om å utføre GIS-tenester for selskapet.

- Vi har stabilt GIS- og KomTek-driftsmiljø hos Norkart.
- Det er installert ny GISLine 9.5 versjon.
- Det er utført oppgradering til ny versjon av KOMTEK Drift og vedlikehold for Luster, Lærdal og Vik kommune.
- Det er innført ny standard av Sentral felles kartdatabas SFKB 5.0 som er eit forvaltningssystem der kommunene, Kartverket og andre parter oppdaterer kartdata direkte i en felles database
- Det er innført ny standard av Plan 5.0 med nye spesifikasjonar.
- Oppgradering av matrikkelen til versjon 4.14.0
- Det er bestilt ny løysing for innsyn i matrikkeldata eiendomsinnsyn.no - med kopling mot arealplaner.no.

#### Kartdata i Sogneregionen:

- Kommunane jobba med lokale DOK-data
- Kommunane jobba med nye kommuneplanar
- Kommunane jobba med kvalitetsheving av reguleringsplanar og planregister
- Kommunane jobba fortsett med prosjekt «Plan for friluftslivets ferdselsårer» som skal identifisere, ivareta og utvikle stiar, turveggar og løyper som er viktige for friluftsliv.
- Adresseprosjektet: Det har vert lite framdrift i 2023. Tal vegadresser for kommunane i Sogn: 2023 - Aurland (83%), Høyanger (94%), Luster (97%), Lærdal (97%), Sogndal (96%), Vik (96%) og Årdal (97%).
- Kommunane har starta arbeid med registrering av adkomstpunkt i matrikkelsystemet.

#### Kompetanseheving:

- Sakshandsamarar og nye medarbeidarar har fått opplæring innan forvaltning av matrikkeldata, reguleringsplanar, bruk av GIS-verktøy. KomTek - og SOSI kontroll programvare.
- Gjennomgang av KomTek Brannførebygging og matrikkel data i Årdal.
- Årdal kommune- GIS opplæring, adressering og planarbeid
- Fleire sakshandsamarar deltok på GIS-fagwebinarar:
- Digitale byggesaksbehandling
- Teamskurs om forvaltning av planregister i Norkart sin programvare.
- Webinar oppheving eller endring av gamle reguleringsplaner
- Adresseseminar i 2023
- Landmålargruppa hadde 3 møte og har jobba med felles rutinar

#### Samarbeid:

- Representantar frå regionen har delteke på møte i Plan- og temadatautvalet (PTU) og FDV-møte (Forvaltning-, drift- og vedlikehaldsavtaler) som regulerer det kontinuerlege ajourhald av felles kartdatabase (FKB). Den regulerer også drift, distribusjon, rettar og sal av basane og Fylkesgeodatautvalet for Vestland (FGU).
- Erfaringsutveksling om hjortevaldkart.
- Geoforum Plan- og kartdagar i Loen.
- Statusmøte, arbeidsgruppe for basis geodata i Vestland fylke.
- Geovekst-prosjekt i 2023
- Norkart KOMTEK-dagar og Norkart brukerforening sitt årsmøte.
- Eigedomskonferansen i 2023
- Fagdag 2023: Lokale temadata i planlegging Bergen.

GIS-koordinator Dariusz Hauderowicz er tilsett i full stilling med Vik kommune som arbeidsgjevar. GIS-koordinator rapporterte fagleg til dagleg leiar i Sognarådet fram til årsskiftet. Rådmannsgruppa var styringsgruppe for GIS-arbeidet. I samband med omdanning av regionrådet til interkommunalt politisk råd etter ny kommunelov, vedtok Sognarådet overføring av GIS-arbeidet til Sogn kommunalt oppgåvefelleskap. Kommunane har med verknad frå 1.1.2024 inngått eit vertskommunesamarbeid med Vik kommune som vertskommune.

## 2.8 Samarbeidsfora for kommunane

### Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa er eit forum for erfaringsutveksling og utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjonen i regionen. Sogndal kommune bidreg med administrativ støtte og Joakim Systaddal har vore administrativ ressurs i 20 prosent stilling for rådmannsgruppa. Stig Stark-Johansen, kommunedirektør i Årdal kommune, heldt fram som leiar i 2023.

Rådmannsgruppa har drøfta oppgåver og organisering av tenestesamarbeidet i samband med etablering av Sogn kommunalt oppgåvefelleskap. Grensesnittet mellom tenestesamarbeid og samfunnsutvikling vart drøfta som grunnlag for sortering av samarbeidsområda mellom Sognrådet IPR og Sogn KO.

Med etableringa av Sogn KO valde representantskapet (ordførarane) den 15. desember eit styre samansett av kommunedirektørar og ein representant til frå kvar kommune.

### Regionale nettverk

Regionale fagnettverk er arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette og leiarar i kommunane, og gir høve for å setja tema på dagsorden, informera om aktuelle saker og samhandla med eksterne aktørar. Nettverka rapporterer om følgjande aktivitetar i 2023:

<b>Nettverk</b>	<b>Tema /saker</b>	<b>Deltakarar og leiar</b>
Helse- og omsorgsnettverk	Felles uttale på NOU 8: Fellesskapets sjukehus og uttale til Helsepersonellkommissjonen. Samarbeidsmøte med HVL. Korleis endrar HVL utdanninga i tråd med omstillingane i kommunane? Felles brukarutval møter helse- og omsorgsutvalet: Kor involvert opplev FBU at dei er i prosessar som pågår i kommunane. Samarbeidsmøte med kommuneoverlegenettverket. Tal møte: 3 fysiske og 1 digitalt	Helse- og omsorgsleiarar Leiar: Marit Reppen, Sogndal kommune
HR-/personalnettverk	Debatthefte, berekning av laurdags- og søndagstillegg, karrieremessa til Framtidsfylket, arkivering av søkjarar på stillingar, kompetanse- og rekrutteringsplanar, godtgjersle arbeidstøy, medarbeidarundersøking/arbeidsmiljøkartlegging, rekruttering og omstillingsarbeid. Tal møte: 5 digitale	Personalleiarar/-medarbeidarar Leiar: Turid Stigen Sørensen, Aurland kommune
Næringsnettverket	Grøn næringsutvikling, finansieringsordningar, teknologi og digitalisering, masterplan for reisemålet Sogn og merkeordninga, prosjektet mat- og drikkeregion i Sogn Tal møte: 3 fysiske og 1 digitalt møte	Næringsansvarlege, reiselivsdirektør, dagleg leiar Leiar: Ingeborg Lysne, Lærdal kommune

Kompetanseregion Sogn	Arbeid med kompetanseutvikling og rutinar innafor spesialpedagogisk område (kompetanseløftet). Utforming og gjennomføring av viktige samarbeidstema for leiarar og tilsette 2023, m.a. oppvekstreforma, rekrutteringsarbeid m.m. Eksamen grunnskulen, revidere nye rutinar. Bruk av tilskotsmidlar til kompetanseutvikling for barnehage gjennom stipendordningar. Regionalt og desentralisert kompetanseutvikling. Tal møte: 5 fysiske og 2 digitale møte.	Barnehage- og skulefagleg ansvarlege og programleiar for System for styrka læring. Leiar: Odd Einar Fimreite, Årdal kommune. Leiar representerer Sogn i ulike samarbeidsforum i Vestland.
Psykolognettverket	Sogndal kommune ønskjer å utvida nettverket for eit større fagmiljø for psykologane i regionen. Sogn næring tok i mars over oppgåva med å fasilitera nettverkssamlingane på tvers av arbeidsgjevarar i regionen. Kommunepsykologar deltek i det nye nettverket der også privatpraktiserande psykologar blir inviterte med.	Kommunepsykologar
Oppmålingsgruppa	Arbeidsrutinar, autorisasjon av eigedomslandmålarar, registrering av adkomstpunkt i matrikkelsystemet, elveg 2.0 oppdateringer og forvaltning av planregister. Tal møte: 3 fysiske	Landmålarar og GIS-koordinator. Leiar Marthe Bergum Hansen, Sogndal

## 2.9 Samarbeid i fylket

Sognarådet er representert i følgjande forum og råd:

- Klimaråd Vestland tek opp klimasaker og saker av politisk interesse for Vestland og for kommunane. Kjell Bøe Bjørgum, Aurland kommune er Sognarådet sin representant og Andreas Wollnick Wiese, Luster kommune, er vararepresentant.
- Breibandforum tek initiativ, utviklar felles prosjekt og samordnar aktivitetar for utbygginga av breiband i fylket. Geir Svendsen, Vik kommune er kommunane i Sogn sin representant.
- IT-forum Oppvekst og Utdanning arbeider for å finna løysing for digitalt samarbeid på tvers av skulestega. Kommunane i Sogn sin representant til august var Jarle Christensen, Vik kommune.
- Strategisk samarbeidsutval i Helse Førde (tidlegare koordineringsrådet) skal bidra til å utvikla og sikra kvaliteten på samarbeid og samhandling mellom partane. Gunn Lerøy, Lærdal kommune sit i utvalet på vegne av kommunane i Sogn.

## 3 Rekneskap

### 3.1 Rekneskapsoversikt

Økonomisk oversikt - drift	2023 Rekneskap	2023 Reg. budsjett	2023 Oppr. budsjett	2022 Regnskap
Driftsinntekter				
810 ANDRE STATLIGE OVERFØRINGER	-1 179 855	-2 128 000	0	-2 083 967
710 SYKELØNNSREFUSJON	-234 613	0	0	-53 749
729 KOMPENSASJON MOMS PÅLØPT I DRIFTSREGNSKAPET	-325 318	0	0	-359 162
730 REFUSJON FRA FYLKESKOMMUNER	-1 350	0	0	-3 000
750 REFUSJON FRA KOMMUNER	-6 127 645	-5 865 000	-6 296 000	-6 111 926
770 REFUSJON FRA ANDRE (PRIVATE)	-5 725	0	0	-9 955
775 REFUSJON FRA IKS DER KOMMUNEN/FYLKESKOMMUNEN ER DELTAGER)	0	-184 000	0	0
780 REFUSJON FRA FORETAK OG BEDRIFTER SOM FØRER SÆRREGNSKAP)	-187 810	0	0	-177 233
830 OVERFØRING FRA FYLKESKOMMUNER	-1 170 000	-1 080 000	0	-1 030 000
850 OVERFØRING FRA KOMMUNER	-120 000	0	0	-90 000
890 OVERFØRINGER FRA ANDRE (PRIVATE)	-80 300	0	0	-30 000
920 MOTTATTE AVDRAG PÅ UTLÅN	0	0	0	0
<b>9 Sum driftsinntekter</b>	<b>-9 432 616</b>	<b>-9 257 000</b>	<b>-6 296 000</b>	<b>-9 948 992</b>
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	2 503 206	4 311 285	2 469 790	2 562 617
11 Sosiale utgifter	622 413	592 117	688 117	601 713
12 Kjøp av varer og tjenester	2 737 340	3 942 000	1 459 095	2 999 058
13 Overføringer og tilskudd til andre	2 429 310	2 826 000	3 850 000	2 738 940
14 Avskrivninger	0	0	0	0
<b>15 Sum driftsutgifter</b>	<b>8 292 269</b>	<b>11 671 402</b>	<b>8 467 002</b>	<b>8 902 328</b>
<b>16 Brutto driftsresultat</b>	<b>-1 140 347</b>	<b>2 414 402</b>	<b>2 171 002</b>	<b>-1 046 664</b>
Finansinntekter *)				
20 Renteutgifter	0	0	0	45
22 Netto finansutgifter	0	0	0	45
<b>24 Netto driftsresultat</b>	<b>-1 140 347</b>	<b>2 414 402</b>	<b>2 171 002</b>	<b>1 046 619</b>
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
26 Avsetninger til bundne driftsfond	2 118 496	155 000	180 000	2 593 107
27 Bruk av bundne driftsfond	-978 149	-2 551 000	-2 351 000	-1 546 488
<b>31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>1 140 347</b>	<b>-2 396 000</b>	<b>-2 171 000</b>	<b>1 046 619</b>
<b>32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>-18 402</b>	<b>-2</b>	<b>0</b>

\* Renteinntekter av fondsmidler kr 426591,35 er sett på fond div prosjekt.

Oversikt over fond Sognarådet		31.12.2022	31.12.2023
251080193	Sognarådet - Kompetanseløftet	0	-1 015 633
251080194	Sognarådet - Samferdsle	0	-870 000
251080816	Sognarådet - Diverse prosjekt	-2 611 820	-2 450 496
251080818	Sognarådet - barnevern	-17 517	-17 517
251080819	Sognarådet - barnehage	-1 902 255	-1 674 884
251080820	Sognarådet - skule	-1 088 374	-325 346
251080821	Sognarådet - Skule fagnettverk	-432 044	-318 136
251080822	Sognarådet - kontigent	-406 399	-986 751
251080823	Sognarådet - psykolog folkehelse	-472 789	-483 818
251080824	Sognarådet - Lærlingmiljøprosjektet	-396 015	-338 018
251080825	Sognarådet - Helse	-120 000	-120 000
251080826	Sognarådet - IKT	-88 104	-106 104
251080850	Sognarådet - Psykolognettverk	-112 670	-112 670
251080851	Sognarådet - Vaksenopplæring	-252 876	-252 876
251080852	Sognarådet - Sogn for alle	-262 663	-630 345
251080853	Sognarådet - Mentorprogram	-331 942	-241 636
251080854	Sognarådet - Sognaloop	-199 565	0
251080855	Sognarådet - Etableraropplæring	7 700	-142 300
251080856	Sognarådet - Sogn Opportunity	0	200 000

## 3.2 Bruk av fond

Det står kr 7 219 845 på fond pr 31.12.2023.

1. Kompetanseløftet: Kr 1 015 633 er midlar frå Statsforvaltaren som er sett av til bruk i 2024.
2. Samferdsle: Kr 870 000 vart sett av til samferdsleprosjektet frå 2022 som ikkje vart nytta i 2023.
3. Diverse prosjekt: Kr 2 023 905 er unytta utviklingsmidlar frå fylkeskommunen og kommunane og renteinntekter av fondsmidlar.
4. Barnevern: Det står att kr 17 517 frå tidlegare barnevernprosjekt.
5. Barnehage: Unytta eksterne midlar kr 1 674 884 mellom anna frå Statsforvaltaren til kompetanse og utvikling, er sett på fond.
6. Skule: Unytta midlar kr 325 346 frå det regionale utviklingsprogrammet er sett på fond til bruk i 2024.
7. Skule fagnettverk: Unytta midlar frå fagnettverka utgjør kr 318 136 og er i hovudsak kontigentmidlar.
8. Kontingent: Unytta kontigentmidlar på kr 986 751 er sett på fond.

9. Psykolog folkehelse: Unyttar midlar frå direktoratet til psykologstilling kr 483 818 står på fond.
10. Læringsmiljøprosjektet: Unyttar midlar frå Statsforvaltaren kr 338 018 står på fond og skal gå til vidare arbeid for inkluderande barnehage- og skulemiljø.
11. Helse: Kompetanseutviklingsmidlar frå Statsforvaltaren til kvalifisering i norsk og matematikk av tilsette til deltidsutdanninga innan sjukepleie
10. IKT: Unyttar midlar kr 106 104 er sett på fond og kan dekke medlemsskap.
11. Psykolognettverk: Unyttar midlar kr 112 670 er fornyingsmidlar som er sett av på fond til bruk til det regionale nettverket og koordinatorfunksjonen, som vart avslutta i 2023.
12. Vaksenopplæringa: Unyttar midlar kr 252 876 er sett på fond til bruk til aktivitetar etter avtale med Luster kommune.
13. Sogn for alle: Midlar til prosjektet Sogn for alle kr 630 345 er sett på fond.
14. Mentorprogrammet: Unyttar tilskot frå fylkeskommunen til mentorprogrammet kr 241 636 er sett av på fond til aktivitetane i 2024.
15. Etableraropplæring: Unyttar midlar kr 142 300 er sett på fond til bruk i 2024
16. Sognalooop: Tiltaket fekk ikkje tilskot frå Imdi og vart avslutta våren 2023.
17. Sogn Opportunity: Unyttar tilskot kr 200 000 frå Vestland fylkeskommune til bruk i 2024.



Sognrådet IPR  
Postboks 153, 6851 Sogndal  
Tlf 57 65 25 60  
[postmottak@sogndal.kommune.no](mailto:postmottak@sogndal.kommune.no)  
[www.sognaraadet.no](http://www.sognaraadet.no)  
Org.nr.: 974814439



Aurland  
kommune



Luster  
kommune



Lærdal  
kommune



Sogndal  
kommune



Vik  
kommune



Årdal  
kommune